## Skifte av rektor ved skulen

26.03.2014



**Marie Elisabeth Kaldestad (59) er frå 1. august tilsett som verksemdsleiar ved Undarheim skule. Ho har vore verksemdsleiar i Uskedalen dei siste 3 åra og før det like lenge i same stilling i Bringedalsbygda.**

Til Kvinnheringen peikar ho på at ho jobba ved Undaheim frå tidleg på 1990-talet og fram til 2007, dei siste åra som inspektør. Det er ein skule ho derfor kjenner ut og inn og ho gler seg til å koma attende til han. Det er som om ringen er slutta.

Både Bringedalsbygda og Uskedalen er gode skular og 'May-Lis' synest det er vemodig å takka for seg her. Men

ho har lenge tenkt på at hvis rektorjobben ved Undarheim vart ledig ein dag, så ville ho søkja.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen